



Islands president og delegasjonen frå Kvinnherad. Til venstre fo presidenten står Guddal og Olsson og til høgre Elli og Heimvik (Foto: Lions, Island)

Uskedelingen Jan Erik Olsson har vore på vekestur til Island med kjøpmann og islending Elli Nielsson som framifrå reiseleiar. Han er også president i Lions i Kvinnherad. Også 2 andre kvinnheringar var med - Leiv Guddal og Oddvin Heimvik - og gruppa køyrde 230 mil i bil på den fantastiske øya. Høgdepunktet var då dei møtte den islandske presidenten sidan 1996, Olafur Ragnar Grimsson, i Akureyri. Det skjedde medan dei overvar eit stort idrettsarrangement i denne byen, med hovudvekt på boccia.

Det var Lionsklubben Hængur som for 30. gongen hadde eit stort stemne for funksjonshemma og som sette stor pris på besøket frå Noreg. Delegasjonen var samvetsfulle observatørar og vurderer om det skal og kan haldast noko liknande hos oss.

- Det var ellers ei stor og positiv oppleving å komma til Island att. Vi merka ingenting til finanskrisa. Prisane var heller ikkje spesielt høge på mat. By- og bygdebildet har prega av fine bilar og stor trafikk og det var overraskande gode vegar, fortel Jan Erik til uskedalen.no

Gruppa frå Kvinnherad var 4 netter i Akureyri der Elli kjem ifrå og 3 netter i Reykjavik. Dei besøkte også Vestmanneyar der 400 hus var begravd under oske i 1973.

Naturvernområdet ved Myvatn der det er heftig vulkansk aktivitet var eit anna mål og Snorre Sturlasons heimstad Skaholt eit tredje. Elli skal leia fleire grupper i tida som kjem.

Av Ola Matti Mathisen



Den blå lagune fotografert av Jan Erik Olsson